



Anebyhus AS
Linjevegen 31
2344 ILENG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6049 - 15/7334

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2015

Løyve til tiltak og dispensasjon - bustad på gbnr 214/227Fyllingsnes.

Administrativt vedtak. Saknr: 111/15

Tiltakshavar: Richard Hansen
Ansvarleg søkjar: Anebyhus AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av bustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 122,0 m² og bygd areal (BYA) ca. 144,5 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 20,1 % BYA.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett, reinseanlegg, avkjørsle, interne vegar og parkering.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen for oppføring av bustad på tomta.

Det vert elles vist til søknad motteke 19.12.2014 og supplert 09.02.2015, 15.02.2015 og 07.05.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 09.01.2015. Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar/tiltakshavar mottatt 09.02.2015, 15.02.2015 og 07.05.2015.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.05.2015. Det er ikkje lovfesta frist for handsaming av dispensasjonssaker.



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområdet for bustadar.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå punkt 1.1 i føresegnene til kommunen som gjeld krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter pbl §§ 20-1 og 20-2 kan godkjennast.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Det vart i vedtak datert 22.08.2012 (saksmappe: 2010/510) gitt dispensasjon/ løyve til frådelling av bustadtomt på det vilkår at det kun skal koma ein einbustad på tomta med maksimum ein sekundær bueining under 65 m² og utnyttelsesgraden på tomta maksimalt skal være 25% BYA.

Det er tidligere gitt løyve til avkjørsle (som nå er fornyet) og til utslepp (som det nå er levert ny søknad på).

Byggeplaner er nå klar og søknad levert som er innenfor gitte vilkår, og jeg søker nå om dispensasjon frå plankravet for å få gjennomført dette.

Alle naboane til eigedomen er positive til bygging her, både de nærmeste og andre jeg har pratet med i området.

Eigedomen langs vegen er begrodd med mest store gran trær som alle vil bli fjernet.

Bygging på eigedomen vil ikkje vera i konflikt med eksisterende reguleringsplaner, heller tvert om da eigedomen vil bli meir open og lysare som vil gi betre sikt og forhold langs fyllingsnesvegen.

Med ein ny bustad her vil det være såpass liten auke i biltrafikken langs vegen at det ikkje bør ha nevneverdig negativ innverknad.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Tomta vart godkjend frådelt i vedtak datert 08.12.2012. Ved handsaming av søknad om frådelling av tomta var saka på høyring. Det låg ikkje føre merknader frå regionale styresmakter og vedtaket vart heller ikkje klaga på. Omsøkte tiltak er i samsvar med dei vilkåra som vart sett i frådelingsvedtaket.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan mottatt 07.05.2015.2014.
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 2,0 meter (gjeld bod).

Eigar av gbnr 214/88 har i avtale datert 06.05.2015 gitt samtykke til at bod kan plasserast med minsteavstand 2 meter til felles grense.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 10,0 meter. Vegstyresmakta har i vedtak datert 16.04.2015 gjeve dispensasjon til plassering av reinseanlegg med ein minste avstand mellom på 10,0 meter frå kant kommunal veg.

Vass- og avlaupsleidningar kryssar kommunal veg. Vegstyresmakta har i skriv datert 10.03.2015 gitt graveløyve.

Det er søkt om topp golv på kote ca. + 16,50. Mønehøgda er oppgitt til 4,9 meter og gesimshøgda er oppgitt til 3,15 meter.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk. Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til det kommunale vassverket i vedtak datert 26.03.2015.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 12.05.2015. I samsvar med utsleppsløyvet skal utsleppet frå eigedomen reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før avlaupet vert ført vidare til bekk med heilårs vassføring.

Private avtalar.

Det ligg føre tinglyst avtale datert 29.01.2015 som gjev gbnr 214/227 rett til å leggja stikkleidningar for vatn og avlaup over eigedomen gbnr 214/3.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkjørsle til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i vedtak datert 14.01.2015.

Situasjonsplanen viser oppstillingsplass/framtidig garasjeplassering for 2 bilar. Oppføring av garasje må søkjast om i eiga sak.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsynet bak plankravet er i hovudsak at tiltaket skal vurderast i ein større samheng slik at det ikkje vert godkjend tiltak som kan vanskeleggjera ei framtidig regulering av området.

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til byggjeområde for bustadar, slik at omsøkte tiltak ligg innanfor arealføremålet i planen. Tomta vart godkjend frådelt til bustadføremål i vedtak datert 08.06.2012. I delingsvedtaket vart det sett vilkår om at det på tomte kunne oppførast einebustad med sekundærhusvære på maksimum 65 m2 og utnyttingsgrad på maksimum 25 % BYA.

Tiltaket gjeld oppføring av einebustad med ein etasje med tilhøyrande anlegg slik det er søkt om. Samla bruksareal er oppgitt til 122 m2 og bebygd areal til 144,5 m2. Utnyttingsgrada er 20,1% BYA. Tiltaket skal knytast til offentleg vassforsyning og det er gitt utsleppsløyve i samsvar med gjeldande krav i området. Avkjøringsløyve til kommunal veg er gitt på standard vilkår.

Tiltaket ligg innanfor vilkåra som vart sett i delingssaka. Bustad som skal oppførast er godt tilpassa terrenget og har tilfredsstillande visuelle kvalitetar. Tilhøva kring helse, miljø, tryggleik og tilgjenge er stetta gjennom dei løysingar som det er omsøkt og godkjend for veg, vatn og avlaup.

Etter ei heilskapleg vurdering av det omsøkte tiltaket og dispensasjonssøknaden, meiner administrasjonen at det i denne saka ikkje er hensiktsmessig med ein reguleringsplan for tiltaket det er søkt om. Det vert vurdert at tiltaket slik det er søkt om, ikkje vil setja kravet om utarbeiding av reguleringsplan vesentleg til side og at det er klare fordelar som taler for dispensasjon i denne saka. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt slik det er søkt om.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Privatrettslege tilhøve synast stetta ved dei erklæringar som er dokumentert i saka.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Anebyhus AS**, org.nr. 975384365, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Anebyhus AS**, org.nr. 975384365, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) når det gjeld**

- **bygningstutforming, terrengtilpassing og situasjonsplan**
- **pipe og brannmur**
- **trehus inklusive trekonstruksjonar i våtrom**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **ANKO AS**, org.nr. 980538613, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for plassering av bygg**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stusdal VVS AS**, org.nr. 912319164, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for**

- **rørføring frå og med VA-tilknytingspunktet og fram til grunnmur**
- **innvendig rørarbeid for vatn og avlaup, samt botnleidningar.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Flexit AS**, org.nr. 926398806, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) av ventilasjonsanlegg inkl kanalføringar**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Malmo og Uglestad Eiendomsservice AS**, org.nr. 989361112, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) når det gjeld**

- **påstøp, tettesjikt(membran) og slukplassering (fall til sluk).**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Frode Haugsvær Maskin AS**, org.nr. **985442320**, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) av**

- **gravearbeid og grunntrykk frå bygget**

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Ove Hauge Maskin og Betong**, org.nr. 93026853, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for**

- radonsikring
- mur- og betongarbeid (såle) og grunnmur.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Anebyhus AS**, org.nr. 975384365 , har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) når det gjeld**

- tømrararbeid inklusiv trekonstruksjonar i våtrom
- utførelse av pipe og brannmur
- montering av ventilasjonsanlegg med kanalgjennomføring og innregulering av anlegget

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stusdal VVS AS**, org.nr. 912319164, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) av**

- rørarbeid med tilknytning til VA-nett og framføring til grunnmur
- innvendig rørarbeid for vatn og avlaup inkl rørarbeid i våtrom og botnleidningar.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ove Hauge Maskin og Betong**, org.nr. 93026853 , har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for**

- radonsikring
- mur- og betongarbeid (såle) og grunnmur.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Frode Haugsvær Maskin AS**, org.nr. 985442320, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) når for**

- utstikking av høgder og plassering på tomte før graving samt kontroll
- grunn- og terrengarbeid

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket **Fargehuset Villanger AS**, org.nr. 972090387, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) når det gjeld**

- påstøp, tettesjikt (membran) og fall til sluk.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket **OBRON AS**, org.nr. 998667852, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde **kontroll (KTR) av lufttettleik.**

Føretaket har erklært å vere juridisk og økonomisk uavhengig det føretaket som utførar arbeidet. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Anebyhus AS**, org.nr. 975384365 har søkt ansvarsrett for ansvarsområde **kontroll (KTR) av fuktsikring og fall til sluk.**

Føretaket har erklært å vere juridisk og økonomisk uavhengig det føretaket som utførar arbeidet. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6, rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av bustad med tilhøyrande anlegg på gbnr 214/227.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1a vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av bustad med tilhøyrande anlegg i samsvar med søknad mottatt 19.12.2014, supplert 09.02.2015, 15.02.2015 og 07.05.2015, og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i revidert situasjonsplan datert 06.05.2015, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 26.03.2015.
4. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 12.05.2015.
5. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 14.01.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Anebyhus AS	975384365	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Anebyhus AS	975384365	S	1	-byggingutforming, terrengtilpassing og situasjonsplan - pipe og brannmur - trehus inklusive trekonstruksjonar i våtrom
PRO	ANKO AS	980538613	S	1	plassering av bygg
PRO	Stusdal VVS AS	912319164	S	1	-rørføring frå og med VA- tilknytingspunktet og fram til grunnmur -innvendig rørarbeid for vatn og avlaup, samt botnleidningar
PRO	Flexit AS	926398806	S	1	ventilasjonsanlegg inkl kanalføringar
PRO	Malmö og Uglestad Eiendomsservice AS	989361112	S	1	påstøp, tettesjikt(membran) og slukplassering (fall til sluk)
PRO	Frode Haugsvær Maskin AS	985442320	L	1	gravearbeid og grunntrykk frå bygget

PRO	Ove Hauge Maskin og Betong	93026853	L	1	-radonsikring -mur- og betongarbeid (såle) og grunnmur
UTF	Anebyhus AS	975384365			-tømrerarbeid inklusiv trekonstruksjonar i våtrom -utførelse av pipe og brannmur -montering av ventilasjonsanlegg med kanalgjennomføring og innregulering av anlegget
UTF	Stusdal VVS AS	912319164	S	1	-rørarbeid med tilknytning til VA-nett og framføring til grunnmur -innvendig rørarbeid for vatn og avlaup inkl rørarbeid i våtrom og botnleidningar
UTF	Frode Haugsvær Maskin AS	985442320	L	1	-utstikking av høgder og plassering på tomte før graving samt kontroll -grunn- og terrengarbeid
UTF	Ove Hauge Maskin og Betong	93026853	S	1	-radonsikring -mur- og betongarbeid (såle) og grunnmur
UTF	Fargehuset Villanger AS	972090387	L	1	påstøp, tettesjikt (membran) og fall til sluk
KTR	Anebyhus AS	975384365	S	1	fuktsikring og fall til sluk
KTR	OBRON AS	998667852	S	1	lufttettelek

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6049

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller delar av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.4	Dispensasjon som gjeld plankrav	1	Kr 8 400,-
10.2.1	Basisgebyr for bustad	1	Kr 13 500,-
10.2.9a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak som har sentral godkjenning	6x1000,-	Kr 6 000,-
10.2.9b	Godkjenning av ansvarsrett per føretak som ikkje har sentral godkjenning	3x2500,-	Kr 7 500,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 35 400,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Richard Hansen

Postboks 7310 5020
Inndalsvn 99 5063

Bergen
BERGEN

Mottakarar:

Anebyhus AS

Linjevegen 31 2344

ILSENG